

dok 298

Kultur- og kirkedep.	
Saksnr.	200800738 39.08
Kode	KI-501 Beh.
01.09.2008	

Bru sokneåd
6944 Stavang


Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
P.b. 8030 Dep
0030 Oslo

Høyring – innstillingen *Styrket demokrati i Den norske kirke*

Bru sokneråd stiller seg bak høyringsuttale frå *Kinn sokneråd (vedlagt)*, med unntak om punkt- røyste alder ved soknerådsval. Bru sokneråd går inn for 15år som røystealder, men 18 års- grense som deltakar i kyrkjelege råd og utval.

Med helsing

Asbjørn Stavøteig (s)
Leiar


Aud Våge
skrivar



Høyringsuttale

Vedtatt

Kinn sokneråd	STYRKJA DEMOKRATI I DEN NORSKE KYRKJE			
Møtedato: 27.08.08	Kl.: 19.30	Stad: Eikefjord	Sakshandsamar: EN	J.nr.:

Sakshandsamar har samarbeidd med og brukt mykje av det kyrkjeverja i Gaular , Magna Lisbeth ha skrive.

SAKSDOKUMENT: Rundskriv 2008/00738 frå Det kongelige kultur- og kirkedepartement.
Innstilling av 13.05.08 frå en arbeidsgruppe oppnemnt av Kultur- og kirkedepartementet. Innstillinga er på 84 sider og er tilgjengeleg på følgjande adresse
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/dok/regpubl/stmeld/2007-2008/stmeld-nr-17-2007-2008-.html?id=507168>.

Utvalet sitt framlegg:

1. Val av sokneråd.

Arbeidsgruppen foreslår ikke endringer i valgordningen ved menighetsrådsvalg, men foreslår endringer i valreglene som følge av forslagene om tiltak for å styrke oppslutningen om valgene og andre tiltak for å bedre tilretteleggingen omkring valgene og styrke interessen for å stille til valg.

Vedtak i Kinn sokneråd:

Ein er samd med at valordninga skal halde fram som i dag, men at valreglane må endrast for å auke valdeltakinga samt interessa for å stille til val.

Utvalet sitt framlegg:

2. Val av Kyrkjemøte og bispedømeråd.

Arbeidsgruppa føreslår at Kyrkjemøte består av biskopane og eit tal representantar som vert valde med bispedøma som valkrets. Dei medlemmane som er valde frå eit bispedømme, utgjer saman med biskopen bispedømmerådet.

3. Endring av val av Kyrkjemøte.

Arbeidsgruppa føreslår følgjande endringar:

- Endringar av måten valet vert gjennomført på.
- Auke i talet på leke medlemmar.
- Differensiering etter talet på kyrkjemedlemmar i bispedøma.
- Fjerning av ordning med å velje 5 medlemmar på fritt grunnlag.
- Utviding av talet på medlemmar til Kyrkjemøte frå 86 til 125.
- Valliste oppsett alfabetisk slik at alle er likeverdige.
- Valet gjennomførast som preferanseval.
- Økt bruk av direkte val.



Vedtak i Kinn sokneråd:

Ein er usamd med arbeidsgruppa. Valordninga med val til Kyrkjemøte meiner ein framleis skal vere indirekte val. Ei direkte valordning fører berre med seg at vedtaka i kyrkja blir flytta vekk frå sokneråda sitt ansvarsområde. Ei direkte valordning vil medføre eit endå større sprik mellom lokaldemokrati og nasjonalt demokrati. Det er soknet som er den berande grunnmuren i kyrkja. Sokneråda må kunne vite at det er deira valde som sit i Kyrkjemøtet. Men likevel bør vallista vert sett opp alfabetisk som arbeidsgruppa foreslår.

Ein er skeptisk til å auke talet på medlemmar til Kyrkjemøte. Det å auke talet på medlemmar vil ikkje automatisk føre til større demokrati.

Når det gjeld val til bispedømeråd meiner ein også at det skal vere som i dag.

Utvalet sitt framlegg:

Når det gjeld tiltak for å styrke oppslutninga om valet foreslår arbeidsgruppa følgjande:

- 1. Ein felles valdag for heile landet. I 2009 same dag som stortingsvalet. F.o.m. 2011 vert dette endra til at kyrkjelege val vert samstundes som kommune og fylkestingsvalet.*
- 2. Dei kyrkjelege vala flyttast frå valår med stortingsval til valår med kommuneval.*
- 3. Valet bør av praktiske grunnar vere i lokale nær staden der det er politiske val.*
- 4. Same opningstider som det offentlege vallokalet.*
- 5. Rikeleg høve til førehandsrøysting på sentrale og tilgjengelege stader i soknet.*
- 6. Innføring av valkort.*
- 7. Lettare for å oppnå stemmerett og valbarheit i andre sokn enn der ein er busett.*
- 8. Informasjon om valordning, nominasjonssystem og prosess til alle med rett til å stemme..*
- 9. Presentasjon av kandidatane.*
- 10. Kyrkjeleg røysterettsalder vert endra til det året kyrkjemedlemne fyller 15 år.*
- 11. Vidareføring av at fire representantar valde frå Ungdommen sitt Kyrkjemøte har tale- og forslagsrett på Kyrkjemøte.*
- 12. Ordninga med kompensasjon for tapt arbeidsforteneste vert auka slik at alle kandidatar uavhengig av yrke kan på ta seg kyrkjelege verv.*
- 13. Ordning med frikjøp for dei mest arbeidskrevjande kyrkjelege verv.*
- 14. Ordning med rett til barnepass under møter*
- 15. Valperiode skal vere fire år slik som i dag.*
- 16. Opplæring av sokneråd og fellesrådsmedlemmar vidareførast og styrkjast.*
- 17. Styrking av valadministrasjonen på sentralkyrkjeleg nivå, regionalt nivå og lokalt nivå. På lokalt nivå gjennom kyrkjeleg fellestråd.*
- 18. Godtgjersle til valstyre og stemmestyre på lik linje som ved andre offentlege val.*
- 19. Nødvendig opplæring av valansvarleg og anna nøkkelpersonell.*

Vedtak i Kinn sokneråd:

Å auke valdeltakinga er nøkkelen til auka demokrati i kyrkja. Dei vesentlege momenta for å få dette til er:



Felles valdag for heile lande enten same dato som stortingsvalet, eller same dato som kommune og fylkestingsvalet. Arbeidsgruppa har argumentert for at det f.o.m. 2011 skal ha felles dag som kommune og fylkestingsvalet. Det meiner Kinn sokneråd er positivt. Sjølv om det vert konkurransen om personar som ein ynskjer skal stille på lister, trur vi at felles valdag kan verte eit høve der ein kan få lokalpolitikarane til å sette kyrkjesaker på dagsorden.

Det er viktig å ha stemmelokala for dei kyrkjelege vala i tilknytning til lokala der det er politiske val, og at ein har same opningstid. Det må også som ved dei politiske vala leggest godt til rette for førehandsrøysting.

Utsending av valkort kombinert med informasjon om valordninga og presentasjon er viktige moment.

Når det gjeld senking av røysterettsalderen ved soknerådsvalet, meiner vi at denne bør være lik røysterettalderen ved andre val. Om røysterettalderen blir senka ved kommune- og stortingsval, bør det same gjerast for kyrkjelege val. Om ikkje bør ein halde på 18 år.

For å styrkje demokratiet må det opplæring i kyrkjeleg demokrati. Konfirmasjonsundervisninga bør innehalde opplæring i og om kyrkjeleg organisering og demokrati.

Valperioden bør vere som no på 4 år.

Møtegodtgjersle, kompensasjon for tapt løn, frikjøp for dei personane som har dei mest arbeidskrevjande verva, godtgjersle til valstyre og stemmestyre er vesentleg. Derfor må den økonomiske kompensasjonen vere lik det som vert gjeve for tilsvarende politiske verv enten det er på lokalt, regionalt eller sentralt nivå i den kyrkjelege organisasjonen. Kursing av dei nye rådsmedlemmane enten det er til sokneråd, fellesråd eller bispedømmeråd er viktig.

Økonomi.

Demokrati kostar. Og nokon må betale det. Alle endringar må følgjast med auka løyvingar både lokalt, regionalt og nasjonalt.

STYRKING AV PROSESSEN KRING FRAMTIDIG VAL AV PROSTAR OG BISKOPAR.

Utvalet sitt framlegg:

Arbeidsgruppa foreslår ein revidert ordning for nominasjon og rådgjevande avstemming vert prøvd ut fram til 2013. Erfaring frå forsøket vert lagt til grunn ved utforming av ordning for tilsetjing av biskop ved kyrkjelege organ.

Etter arbeidsgruppa sin oppfatning er det to alternativ:

- 1. Eit avgjerande val er at den kandidat oppnår samla stemmetal på over 50 % vinn valet.*



2. *Ein kan behalde element som gjer endeleg vurdering mogeleg. Deretter ei tilsettinga av eit kyrkjeleg organ på nasjonalt nivå av ein av dei tre som har oppnådd flest stemmer*
3. *Tilsetjing av prostar vert overført til bispedømeråda når dette vert flytta frå kyrkjeleg statsråd.*

Vedtak i Kinn sokneråd:

Eit viktig vedtak for kyrkja er endringa med at kyrkja sjølve skal tilsetje biskopar og prostar frå 2013.

Val av biskopar vil truleg gje større breidde i bispekollegiet dersom det vert tilsetjing på nasjonalt nivå, der ein av dei tre som har oppnådd flest stemmer vert vald.

Ein er samd med at tilsettinga av prostar vert overført til bispedømerådet.

Florø: 29.08.08.

Karen Marie Elvik Svoen
Soknerådsleiar